

SØNDAG FØR DE FORFULGTE



Tekst: Johannes Morken, redaktør i Stefanusalliansen

Først publisert i Nytt Norsk Kirkeblad 5 – 2024

Brende kyrkjer, fortvilte bøner

Kristne blir jaga på panisk flukt, og kyrkjer blir brende av ekstremistar. På Søndag for dei forfølgde er det tid for både bøn, handling og inspirasjon.

Alle kyrkjelydar er inviterte til å bruka ein søndag til å løfta fram menneske som blir diskriminerte eller valdeleg forfølgde på grunn av trua si. Søndag for dei forfølgde er dagen for til dømes å fortelja historier om og be for kristne under press i Pakistan.

Eit heilt nabolag blei vandalisert og sett i brann. Blasfemilova hadde endå ein gong vist seg som eit livsfarleg våpen i hendene på ekstremistar. To kristne brør blei grunnlaust skulda for å ha vanhelga ein koran. Mobben spurte ikkje etter prov. Dei ropte på galgen for brørne. Dei øydeda og brende 90 heimar og 25 kyrkjer og sende alle som budde i det kristne nabolaget i Jaranwala, på panisk flukt. Tilbake låg også oska av brende biblar.

Den svarte dagen var 16. august 2023.

Tek ikkje oppgjer

- Det var redslenes redsler. Dei blei angripne på grunn av trua si, sa FNs spesialrapportør for trusfridom, Nazila Ghanea, då ho få dagar etter angrepet gjesta Stefanusalliansen og samarbeidspartnarar i Oslo.

Lokale og sentrale pakistanske styresmakter var raskt tydelege i fordøminga. Ghanea føresette at Pakistan ikkje berre fordømde, men også etterforska angrepet og stilte gjerningsmennene til ansvar.

Eitt år etter er kyrkjer og heimar bygde opp att, med økonomisk støtte frå styresmaktene. Men etterforskinga har vore elendig. Ein etter ein er dei innpå 200 som blei arresterte, sette fri, mot kausjon. Utanfor murane blir dei tekne imot som heltar av venene sine. Langt inn i politiet og i lågare domstolar er det utbreidd frykt for ekstremistane som har eit nakketak på viktige delar av samfunnet.

Hjelp og frykt

Kristne i Jaranwala fekk hjelp av muslimske naboar til å koma seg unna då mobben, som delvis kom frå andre landsbyar, var på veg.

No har dei fleste vendt heim, dei har ikkje andre stader dei kan bu. Men uroa sit fast. Dei opplevde skrekken då moskear blei brukte for å mobilisera mobben. Dei aller fleste valdsmennene er altså på frifot. I månadane etterpå har det skjedd nye angrep andre stader – ekstremistar kjenner seg trygge på at dei slepp unna.

Ja, politiet hindra ein større tragedie i Sarghoda då mobben i mai i år slo ein 73 år gammal kristen skomakar helselaus etter at han, igjen grunnlaust, vart skulda for å ha vanhelga ein koran. Politiet kom raskt, motsett i Jaranwala då mobben fekk herja i timesvis før store styrkar kom. Men 73-åringen Nazir Masih døydde på sjukehus etter lynsinga. Nokre dagar seinare døydde enkja – ho tolte ikkje påkjenninga, sjølv om familien var flytta til hemmeleg adresse.

«Frykta sit djupt i oss. Vi anar ikkje når slike angrep skjer igjen», seier den katolske presten Yaqoob Yousaf i Jaranwala. Eg snakka med han same dagen som dei på eittårsdagen for angrepa, markerte «den svarte dagen» - med svarte klesplagg og bøn og eit opprop med krav om rettferd.

Rettferda let diverre venta på seg for mange. I 13 år har den kristne firebarnsfaren Asif Pervaiz vore bura inne i eit fengsel i Faisalabad, dei fire siste åra med dødsdom for blasfemi. Telefonen hans ble i oktober 2013 misbrukt til å senda ei blasphemisk tekstmelding. Det skjedde etter at Asif, som nettopp var blitt far også til to tvillingar, hadde nekta å konvertera til islam då ein kollega ville at han skulle gå frå kristentrua si.

Indisk ekstremisme

I India går mobbar som vil at landet skal vera for hinduar, valdeleg laus ikkje minst på urfolk og dalitar (kastelause) som har valt kristen – eller muslimsk – tru.

Dei som i 1947 grunnla India som sjølvstendig stat, tok det for gitt at landet skulle vera sekulært med trusfridom og demokrati. Seinare er prinsippa komne inn i grunnlova. Men grunnlova er under press.

På liknande vis som Pakistan dei siste 40 åra er blitt islamisert, er nabolandet India i aukande grad blitt hinduisert. I både landa har regjeringar og nasjonalreligiøse ekstremistar gjort livet verre og verre for kristne, muslimar og andre religiøse minoritetar.

I India har det dei siste ti åra vore ein sterk vekst i valdelege angrep. 2023 var eit toppår – med rekord-mange angrep på pastorar og andre i kyrkjelydar. Angrepa skjer ofte i landsbyar der stammefolk (urfolk) og dalitar (kastelause) har sett kristen tru som ein betre veg enn hinduismen. Hindunasjonalistiske ekstremistar er derimot rasande når stammefolka vel kristen tru eller islam. Det er mange historier om brende kyrkjer og arresterte pastorar – og menneske som under tvang blir konverterte til hinduismen. Religion, makt og vilje til vald er livsfarleg.

Så seint som i august jaga ein mobb på eit par hundre 18 kristne familiar på flukt i eit område i delstaten Chhattisgarh. Aust i den store delstaten Uttar Pradesh er fleire kyrkjer stengde, nokre med makt, andre av kyrkjelyden sjølv av frykt for angrep. Kristne vel i staden å møtast i heimane til kvarandre i små grupper.

Difor kjem det framleis ein straum av historier om pastorar som blir skulda for ulovlege konverteringar. Berre i Uttar Pradesh er 1682 menneske arresterte på fire år med ei lov som kriminaliserer konvertering. Kring 320 av desse er kristne, resten er muslimar. Så langt har det berre falle fire dommar.

Ti statar har kriminalisert konvertering. Byte av tru skal ikkje skje under tvang eller med økonomiske lokkemiddel. Men kristne leiarar avviser at dette skjer. Lovene er eit våpen i hendene på ekstremistar som ikkje spør etter prov, men som med lova i hand kan påstå at pastorar konverterer.

Iranske huskyrkjer

I Iran sit ei rad leiarar for kristne konvertittar fengsla, med lange straffer fordi huskyrkjene blir stempla som ein trussel mot nasjonal tryggleik. I 2023 blei 166 kristne arresterte, fleire sit framleis i fengsel. Ein av dei er Yasin Mousavi. Han var ein av minst 46 kristne som blei arresterte i ei bølgje kring jul i fjor. Yasin blei henta av politiet på julekvelden. Han er no dømt til 15 års fengsel. Han blei dømt for «medlemskap i ei gruppe som har til hensikt å forstyrre nasjonal tryggleik». Og han vart dømt for «propaganda mot regimet gjennom promotering av ‘zionistisk kristendom’». Dette er skuldingar som ofte blir retta konvertittar fordi dei er aktive i ei huskyrkje.

I Iran har menneske som har gått frå islam til kristen tru i praksis ingen lovlege lokale å be eller møtast i. Difor har dei fellesskap med Gud og kvarandre i private heimar. Der i huskyrkjene kan politiet dukka opp for å ransaka og arrestera.

Tru og traume

Men den kristne trua blir ikkje knekt av razziaer og fengsel. Det kjem historier om nye som kjem til kristen tru i ei rekkje land i Midtausten. Vår partner, Pars Theological Center som driv opplæring av iranske kristne, fortel om ei bølgje av nye truande. Fleire hundre iranske – og nokre afganske – studentar får kvart einaste år opplæring i teologi og leiarskap.

Frå eit land som Tyrkia der kristne ikkje blir forfølgde, men diskriminerte, kjem det historier om menneske som kjem til kristen tru og blir døypte. Dei har fått nok av eit autoritært og nasjonalistisk regime som brukar islam for å byggja makt. I Libanon har mange som flykta frå borgarkrig og terror i Irak og Syria, oppsøkt kyrkjer og kristen tru i eit omfang som ikkje let seg bortforklara som tilfeldig.

Ikkje berre kristne under angrep

Vi er kalla til å støtta kristne som blir forfølgde for trua si. Men det er også eit kristen kall å fortelja om forfølging av andre.

Pakistanske ekstremistar som vaktar Koranen, islam og æra til profeten Muhammed, angrep både andre ikkje-muslimar og muslimar som dei skuldar for å ha vanæra den «sanne» islam. Ahmadiyah-muslimar får ofte gudshusa sine vandaliserte. Sikhar, hinduar og sjia-muslimar er under angrep.

I India er muslimar, som utgjer 200 millionar, under kraftig press og opplever mange valdsangrep, også dei skulda av ekstremistar og leiande politikarar for å undergrava hindunasjonen.

I Iran blei også bahai-ar taua inn i bølgjer av arrestasjonar i fjar. Også dei blir skulda for å truga nasjonal tryggleik.

Tru og forfølging i Bibelen

Ein mykje brukt preiketekst på Søndag for dei forfølgde er Matteus 5. I versa 11-12 fortalte Jesus læresveinane kva som venta dei når dei skulle vitna om Han dei hadde sett og høyrt: «Ja, sære er de når folk for mi skuld spottar og forfølger dykk, lyg og talar vondt om dykk på alle vis. Gled dykk og jubla, for stor er løna dykkar i himmelen. Slik forfølge dei òg profetane før dykk.»

Bibelen inneheld levande forteljingar om menneske som kom til tru på og etter den første pinsedagen og som vart forfølgde. Det er lett å sjå likskapane mellom ekstremistmobben som dreg kristne inn til politiet eller drep dei i Pakistan, og ekstremistane som i raseri jaga diakonen og Kristus-vitnet Stefanus ut av byen og steina han til døde i Jerusalem.

Eit av dei aller sterkeste vitnemåla kjem frå Paulus i Apostelgjerningane 22. Under namnet Saulus var den seinare kyrkjeliaren og misjonären med då Stefanus vart steina til døde. I dagane etter drapet gjekk Saulus hardt fram, «han trengde seg inn i hus etter hus...» (Apg. 8,3). Sjølv fortel han i kapittel 22: «Eg har bunde både kvinner og menn og fått dei kasta i fengsel, ja, til døden har eg forfølgt dei som heldt seg til denne Vegen. Det kan eg ta øvstepresten og heile Rådet til vitne på. Dei gav meg brev til brørne i Damaskus, og eg drog dit for å leggja òg dei som var der, i lenker og føra dei til Jerusalem for å få dei straffa.»

Men på vegen til Damaskus møtte den valdelege ekstremisten Jesus i eit blendande lys: «Eg er Jesus frå Nasaret, han som du forfølger.»

Resten er misjonshistorie. Trua som vart forfølgd, spreidde seg til verdas ende.

På Søndag for dei forfølgde kan vi med hjelp av historia til Paulus, sjå dei som vert forfølgde i dag. Med hans hjelp kan vi støtta dei mot dei hatefulle og ekstreme kreftene som har møtt Jesus-truande i 2000 år.

Inspirasjon til fellesskap

Men Søndag for dei forfølgde er ikkje berre ein dag for å høyra nedslåande historier om diskriminering, hat og vald. Det er også ein dag for å læra av dei som blir forfølgde og bli inspirert til tru, fellesskap og handling.

Mange norske kyrkjelydar har opplevd at oppslutninga om gudstenester har gått ned over tid. Stengde kyrkjer under pandemien forsterka nedgangen mange stader – men ikkje alle. Under pandemien kunne vi lete oss inspirera av dei som til dagleg møter stengde kyrkjedører og som må møtast i heimar.

Kan iranske kristne som ikkje har eit lovlege gudshus å be i, lære norske kyrkjelydar om kor viktig fellesskap og gudstenester er?

Les Bibelen i filler

Vi kan læra av Kinas kristne. Det kjem historier om kyrkjer som blir stengde, pastorar og prestar som blir fengsla og krossar som blir rivne ned av kyrkjer i tusental. Men vi får også levande vitnemål om kva tre-fire millionar lovleg distribuerte biblar årleg har å seia. Biblane blir lesne i filler av menneske som ikkje kan klara seg utan nettopp Bibelen og fellesskapet med andre som les, bed og trur.

Bibelens Jesus lærer oss at motstand vil koma, men at vi ikkje skal oppsøkja martyriet. Som han sa til dei tolv læresveinane (Lukas 9,5) då han sende dei ut for å forkynna: Dersom nokon ikkje ville ta imot dei, skulle dei rista støvet av føtene og dra frå byen. Det skulle vera eit vitnesbyrd for dei som avviste læresveinane.

Søndag for dei forfølgde er ein dag for å løfta fram, be for og støtta menneske som blir forfølgde for trua si. Men det er også ein dag for å lata seg inspirera av dei som trur der det kan kosta dyrt – inspirasjon til frimod og fellesskap.